

---

Saksnr: 2020/79615-1  
Saksbehandlar Sigrun Espe  
Dato: 21.12.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

---

## Skulen min og Digitalarkivet

Avdeling for kultur, idrett og inkludering ved seksjon arkiv har fått 200 000 kr til utviklingsprosjektet "Skulen min og Digitalarkivet" i 2021.

Seksjon arkiv ønskjer å vidareutvikle skulenmin.no til å inkludere Digitalarkivet som kjelde til skulehistorisk arkivmateriale. Skulen min starta som eit prosjekt i gamle Sogn og Fjordane i 2015, og er i dag eit satsingsområde innanfor digital kulturformidling i Vestland fylkeskommune. I 2021 ønskjer vi å:

- a) digitalisere skulearkiv og publisere dei på Digitalarkivet,
- b) registrere og indeksere metadata for å gjere materialet søkbart, og
- c) få på plass ei vising av digitalisert materiale publisert på Digitalarkivet i portalen skulenmin.no.

Prosjektet «Skulen min» har hatt som mål å gi eit heilskapleg bilete av skulen si rolle og utvikling over tid, samt opne dører til digitalisert innhald. Resultatet er den digitale portalen skulenmin.no, der ein kan finne skulehistorisk materiale frå ulike digitale kjelder i eit dynamisk kart.

Som ein del av prosjektet jobba vi også med å digitalisere og gjere tilgjengeleg vårt arkivmateriale etter skulane. Så langt har vi digitalisert 174 skulestyreprotokollar og 226 karakterprotokollar og skuledagbøker, men vi har ikkje lukkast med å få på plass ei vising av protokollar i kartet. Eit naturleg steg vidare for skulenmin.no er å få etablert denne portalen som eit av økosystema rundt Digitalarkivet. Vi er veldig glade for at vi no har fått 200 000 kr i utviklingsmidlar frå Arkivverket for å jobbe med digitalisering, registrering og teknisk utvikling i 2021.

Eit viktig punkt i det opphavlege prosjektet var at det skulle ha overføringsverdi, og at den tekniske løysinga kunne utvidast til å inkludere andre geografiske regionar. Fleire arkivinstitusjonar har vist si interesse for å kople seg på prosjektet, og i 2020 har IKA Hordaland teke initiativ til eit samarbeid om skulenmin.no. IKA Hordaland har allereie digitalisert mykje skulearkiv, har skrivne artiklar på Wikipedia/LokalhistorieWiki, og vil både laste opp digitalisert materiale på Digitalarkivet og kople seg på skulenmin.no. Dette passar godt med seksjon arkiv sine prioriteringar i tida framover. Vi gler oss til vidare skulehistorisk samarbeid i 2021.

Vedlegg:

- 1 Søknad, Skulen min og Digitalarkivet